

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA-A56	19/403

Saknr	Utval	Type	Dato
008/2019	Administrasjonsutvalet	PS	17.06.2019
042/2019	Kommunestyret	PS	24.06.2019

lærlingar – samarbeidsavtale og rammetal for tal lærlingar pr. år i Masfjorden kommune

Vedlegg:

Journalposttittel Dato
Samarbeidsavtale 2019 08.06.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune inngår formell samarbeidsavtale om lærlingar, men held fast på måltal om minimum 3 lærling plassar årlig

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunane vart i samband med regionrådsmøte 10.5.2019 oppfordra til å inngå samarbeidsavtale med dei lokale vidaregåande skulane. Denne avtalen skal styrkja samarbeidet mellom lokalt næringsliv, kommunar og vidaregåande skular i Nordhordland i arbeidet med å rekruttera til yrkesfagleg opplæring, samt å auka talet på lærebodrifter i regionen. Føremålet med avtalen er å stimulere til samarbeid om fleire lærepllassar innan fag- og yrkesopplæringa gjennom å:

- letta overgangen frå skule til lærepllass for elevane
- auka rekrutteringa til fag- og yrkesopplæringa i regionen

Uttale frå Ressursgruppa til Nordhordland Næringslag v/Vivian Kårbø

Sak om lærepllassar i kommunane i Regionrådet i 10. mai

Vi veit at kompetansebehova i kommunesektoren er størst og aukande innan pleie og omsorg med behov for både helsefagarbeidarar og sjukepleiarar. Ifølgje rapporten *Kompetanse og utdanning i Nordhordland* får Nordhordland eit **behov for 443 fleire helsefagarbeidarårsverk i 2035 samanlikna med i 2010**, og det **vil vera behov for 21-27 nye helsefagarbeiderstillingar i året**. Samstundes konkluderer rapporten med at det i dag vert utdanna for få helsefagarbeidarar for å kunne dekke dette behovet. Rapporten peikar også på at nokre av kommunane i Nordhordland allereie i dag har problem med å rekruttere helsefagarbeidarar (Rusten, Eriksen og

Grimsrud 2019: 115-118).

Rekruttering av arbeidskraft er eit viktig argument for å ta lærlingar. Kommunen vil spare HR-ressurser. I helse – og oppvekstfag, og då særleg i helsefag er det berre kommunane som kan hjelpe lokal ungdom til å få fullført utdanninga si.

- Korleis skal vi klare å rekruttere nok helsefagarbeidarar i regionen?
- I mange bedrifter i næringslivet er ca. 10% av arbeidsstokken lærlingar. Rekruttering av lærlinger startar ved at ein har elevar ute i praksis. Ønsker kommunane å gjera dette? Og korleis kan dei gjera det?
- Stiller kommunane i Nordhordland krav om lærlingar til underleverandører av tenester til kommunane?

Fakta

Gjeldande vedtak i Masfjorden kommune er at ein tek inn minimum 3 lærlingar.
Pr. dato har kommunen 7 læringeplassar og 2 TAF plassar

Vurdering

Masfjorden kommune har stort sett teke inn fleire enn 3 lærlingar pr. år, men ein tilrår å halde fast på måltalet om minimum 3 årlege lærlingar, og held fram med å ta inn så mange lærlingar som ein maktar å følgje opp. Opptak av lærlingar er viktig med tanke på framtid bemanningssituasjon. Samarbeidsavtale vert inngått

Konklusjon

Masfjorden kommune inngår formell samarbeidsavtale om lærlingar, men held fast på måltal om minimum 3 lærling plassar årleg

Administrasjonsutvalet - 008/2019

AU - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrådstes tilrådd til kommunestyret.

AU - vedtak:

Masfjorden kommune inngår formell samarbeidsavtale om lærlingar, men held fast på måltal om minimum 3 lærling plassar årleg

Kommunestyret - 042/2019

KS - behandling:

Saka vart drøfta

Framlegg til vedtak frå Administrasjonsutvalet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Masfjorden kommune inngår formell samarbeidsavtale om lærlingar, men held fast på måltal om minimum 3 lærling plassar årleg